




Til salgs: Bøker som er knytt til Sirdal



Sirdal – namn og stader Namnetolkingar

Av Inge Særheim

Denne boka er eit resultat av eit initiativ Sirdal kommune tok i 1983 ved å setja i gang organisert innsamling av stadnamn i kommunen. Då store mengder namn tok til å strøyma inn, meldte interessa seg for å få det innsamla tilfanget gjeve ut i bokform, slik at det kunne verta tilgjengeleg for folk flest.

Pris kr. 200




Mat - midt i blinken

Av Torbjørg Haugen

Heile Sirdals "kjendiskokka", Torbjørg Haugen, presenterer mange smaksfulle rettar i denne boka. Ho er opptatt av tradisjonsmat frå Sirdal - gjerne med ein ny vri. I denne boka finn du rettar som passar til alle ifrå toppidrettsutøvarar til grandiosa-elskande studentar.

Pris kr. 350




Epøke

Utgjeven av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane Landskapsvernområde (SVR)

Velkomen til eit møte med verneområda sør i "langfjella" - til ei annleis naturbok. Boka er ei helsing til alle som arbeider for ei berekraftig forvaltning. Denne praktboka syner eit mangfald i heieområdet, og gjev deg kunnskap og forståing.

Pris kr. 398




Den Store Hellerboka

Av Torfinn Hageland

Denne boka handlar om over 900 hellerar på Agder og i Rogaland. Det står forklart kvar dei ligg. I egne tekstramar står det segner og soger som kan vera underhaldande å lesa.

Pris kr. 398




Segner og historier frå Sirdal

Ingvald Berner Eikeland (red. Steinar Tjomlid)

I denne boka får me ein innblikk i samlararbeidet til Ingvald Berner Eikeland. Han vigde store delar av livet sitt på å samle inn munnleg tradisjon frå Sirdal. Denne boka er ei skattekiste for alle som er interessert i kulturhistorie. Boka er illustrert av den estiske biletkunstnaren Jaröna Ilo.

Pris kr. 199




Bli kjent med heiane

Av Ragnhild Bjåen

Denne boka er ei inspirasjonskjelde for alle som ønskjer å vera meir ute i skog og mark, på myr og i hei. Her kan du lesa og få meir kunnskap om dei storslagne naturområda i Setesdalsheiane og Ryfylkeheiane.

At områda husar den sørlegaste villreinstamma i Europa, gjev oss eit særleg ansvar.

Pris kr. 298




Heiberghheiane - fra rikmannsjakt til enkelt friluftsliv

Utgjeven av Stavanger Turistforening

I 2004 var det 100 år sidan Thv. Heibergh gjorde sitt første kjøp av eigedom i Lyseheiene. I løpet av nokre få år var han eigar av 1 mill mål av fjellheimen mellom Ryfylke og Setesdal - og han hadde bygd opp om lag 30 hytter her og lagd til rette for utleige av jaktterreng.


Pris kr. 150



Gunhild Kvinen - et liv i fjellheimen

Av Karthon Håland


Dette er historien om Gunhild Kvinen som av mange er blitt karakterisert som en legende. Boka skildrer på en lun og humoristisk måte en tid som er totalt forskjellig frå den vi lever i dag. Gunhild Kvinen, og flere med henne, måtte flytte frå gard og heim da utviklingen gjorde sitt inntog i Sirdal med Sira-Kvina kraftselskap og vannkraftutviklingen. Pris kr. 348



Tonstad kyrkje - 150 års jubileum

Av Kjell M. Sinnes

Jubileumsskrift knytt til Tonstad kyrkje sitt 150 års jubileum. Boka er skriven av Kjell M. Sinnes. Boka gjev ei grundig historisk innføring, som set kyrkja og kyrkjelivet på Tonstad inn i ein brei historisk ramme. Pris kr. 199



Vandring i Sirdalsheiene

Utgitt av Sirdalsferie v/ Anita Vik

Det vakre og varierte turterrenget i Sirdal gjør området til et eldorado for store og små turgåere. I denne guiden finner du noen av høydepunktene. Enten du vil gå korte dagsturer eller langturer. Den særegne geologien, dyrelivet, og de mange flotte utsiktspunktene gjør området til en unik opplevelse.

Pris kr. 199